



VURDERINGSRAPPORT

MYRKDALEN SKULE



12. – 14. november 2002



FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

7 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i Vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.



Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

FAKTA OM SKULEN

Myrkdalen skule i Voss kommune er ein 3-delt barneskule med 32 elevar. I Myrkdalen er barnehage og skule samla i ei verksemd. Det er 9 born i barnehagen. Det er 3 lærarar på skulen utanom rektor. I tillegg er det ein assistent 3 dagar i veka.

VURDERINGSTEMA

Myrkdalen skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Lese og skriveopplæring med fokus på lesing og tilpassa opplæring.

KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar. Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
<p>1. Læraren registrerer eleven sine føresetnadar på dei ulike felt og gir eleven rettleiing og tilbakemelding undervegs. Læraren nyttar varierte organiserings - og arbeidsmåtar.</p> <p>2. Eleven er aktiv i lærings situasjonen.</p> <p>3. Eleven har innverknad på eiga læring.</p> <p>4. Elevane har ulike (tilpassa) arbeidsplanar.</p> <p>5. Elevane arbeider med ulikt innhald.</p> <p>6. Elevane nyttar ulike arbeidsmåtar.</p> <p>7. Elevane bruker ulikt materiell.</p> <p>8. Elevane arbeider i ulikt tempo.</p> <p>9. Elevane får uttrykkja seg på ulike måtar.</p> <p>10. Elevar med særskilde behov får nødvendig hjelp.</p> <p>11. Eleven får støtte i læringsarbeidet frå foreldre/føresette.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Læraren legg vekt på å organisera læringa ulikt i tid og rom. Varierte arbeidsmåtar vert nytta både av lærar og elevar.• Eleven er aktiv – også fysisk, særleg på småskuletrinnet. Eleven nyttar ulike aktive arbeidsmåtar og uttrykksformer. Lærar og elev snakkar om og diskuterer teksten, til dømes vanskelege ord. Kven, lærar eller elev, snakkar mest i timane.• Kvar elev har målsetting som passar til eleven sine føresetnadar. Eleven kjenner desse måla. Eleven er med på å velja mål, lærestoff og arbeidsmåtar.• Elevane har arbeidsplanar/vekeplanar som er retta inn mot ulik grad av måloppnåing, ulikt omfang og ulik vanskegrad.• Elevane arbeider også ut frå eigne interesser og erfaringar.• Elevane arbeider på ulike måtar- individuelt, i par og i gruppe. På mellomtrinnet lærer elevane enkel notatteknikk, til dømes nøkkelord, samandrag og liknande• Det vert nytta ulike læremidlar, til dømes lesespel, løko og teknisk utstyr. Ei lesebok er ikkje einerådande. Det vert også brukt mykje tilleggslitteratur og IKT.• Eleven har innverknad på eige arbeidstempo og omfang av arbeid.• Elevane bruker drama, munnlege og skriftlege uttrykksmåtar.• Skulen har eit system for kartlegging av elevar. Elevar som treng det, får tilstrekkelege ressursar. Nødvendige tiltak vert sett i verk for å hjelpe eleven i læringsarbeidet. Elevar med spesielle behov opplever at lærestoff, arbeidsmåtar og materiell blir lagt særleg til rette for dei.• Læraren har tett kontakt med foreldra. Foreldre og elev er saman involvert i læringsarbeidet. Eleven opplever støtte og oppfølging frå foreldra.



<p>12. Ressursar blir nytta fleksibelt til beste for elevane.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Skulen nyttar timerressursane fleksibelt. Omprioriteringar kan gjerast raskt. Ressursdisponering vert gjort med fokus på eleven si læring. Dei tilsette er innforstått med at dette er klokt. Ressursdisponering, utbyte av undervisninga og organisering vert vurdert gjennom heile skuleåret.
---	---

DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne : Elevane i 3.- 7.klasse, alle foreldra, lærarane og rektor.
Eksterne : Vurderingsparet Rannveig L. Alvsåker og Gudny Fykse

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. Lese-og skriveopplæring er ein så viktig del av innhaldet i skulen at me fann det naturleg å snakka med alle pedagogane på skulen samt elevane i 3.til 7.klasse. Me valde å få informasjon frå foreldra gjennom spørjeskjema.



TIDSBRUK OG METODAR

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk på Myrkdalen skule:

Vurderingsparet var på skulen i fire dagar:

Måndag 28.oktober – førebuande møte med personalet

Straks etter 28.oktober vart det utarbeidd spørjeskjema som elevar, foreldre og ped.personale fylte ut. Vurderingsparet laga også kriterium og teikn på god praksis innan temaet. Dette måtte godkjennast av lærarane og rektor.

Før nytt skulebesøk: Bearbeiding av informasjon gjennom spørjeskjema

Sjølve vurderingsdagane

12.nov. – Informasjonsinnhenting: Observasjon i 3.og 4.klasse
Observasjon i 1.og 2.klasse
Samtale/intervju med elevane i 3.og 4.klasse
Samtale/intervju med klassestyrar i 1.og 2.kl.
Den planlagde samtalen med klassestyrar i 3.og 4.kl.
gjekk ut på grunn av sjukdom.

- Informasjonsbearbeiding

13.nov. – Informasjonsinnhenting: Observasjon i 5. til 7.klasse
Samtale/intervju med desse elevane
Samtale/intervju med resten av lærarane

- Informasjonsbearbeiding
- Vurdering

14.nov. – Rapportskrivning.

- Framlegging og gjennomgang av førebels rapport saman med læarkollegiet

Metode

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

På første møte med skulen fekk vurderingsparet diverse relevante dokument, t.d. verksemdplan, vekeplanar og halvårsplanar.



Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut spørjeskjema til elevane i 3.-7.kl. Alle foreldra som hadde born på skulen fekk eit spørjeskjema. Det tredje skjemaet gjekk til lærarane.

Oppsummering av spørjeskjema

Frå foreldra: Korleis dei hjelpte borna med norskleksene. Dei uttalte også korleis dei vurderte leksemengda og type lekse.

Frå elevane: Kor ofte dei hadde leselekse og korleis dei arbeidde med denne.

Frå lærarane: Korleis dei organiserer arbeidet og kva dei vektlegg i norskfaget. Kriterium og teikn på god praksis vart utarbeidd med utgangspunkt i L-97 og veiledningsheftet i lese-og skriveopplæring.

Samtale/intervju

For å kunne gjera djupdykk i temaet, hadde vurderingsparet samtalar med elevane og lærarane. Me brukte svara på spørjeskjema og lista med kriterium som utgangspunkt for samtalen. Det var og høve til å ta opp andre ting innan tema.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering ved å spegla utsegnene frå lærarane, elevane og foreldra mot utarbeidd kriterium og teikn på god praksis.

SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN TEMAET

Sterke sider

- Skulen har 11 datamaskiner til elevane, godt fordelt mellom klassane
- Godt tilrettelagt fysisk læringsmiljø
- Begynnaropplæringa i lesing og skriving er godt tilpassa elevane sine ulike føresetnadar
- Rikt tilfang av læremidlar på same trinn (1. – 2.kl.)
- Elevane på alle klasstrinn er svært flinke på data i forhold til alder
- Om nødvendig kan skulen raskt omdisponera ressursar

Elles:

- Skulen har ein roleg atmosfære med lågt støynivå
- Opne, kjekke elevar
- God tone i vaksenmiljøet
- Elevane har stor fridom innanfor gitte rammer
- Skulen har eit utfordrande utemiljø sommar som vinter



SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN TEMAET

Utviklingsområde innan temaet

1. og 2. klasse

- Prøva enkle arbeidsprogram
- Skriva overskrifter/tekst til elevarbeidet på veggane

3. og 4. klasse

- Prøva enkle arbeidsplanar
- Bruka ulike lesespel og materiell
- Bruka nivåddifferensierte lesebøker og arbeidsbøker
- Utnytta den gode veggplassen til elevarbeid
- Leggja vekt på orden i skriftleg arbeid

5. til 7. klasse

- Prøva arbeidsplanar/vekeplanar som inneheld skulearbeid og lekser i gitte fag
- Bruka nivåddifferensierte lesebøker og arbeidsbøker
- Prioritera lesing på skulen og heime i ein periode
- Prøva lesekurs
- Prøva leseprosjektet "Leselyst"

Myrkdalen 14.11.02

Rannveig L. Alvsaker
Vurderingsgruppa

Gudny Fykse
Vurderingsgruppa